

Handsaming i Plan- og eigedomsutvalet - 13.05.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 15-16 godkjenner Aurland kommune omsøkt bestandsplan for Aurland bestandsplanområde for hjort i perioden 2024-2026, på vilkår. I medhald av Aurland kommune - Retningsliner for bruk av viltfondet løyver Aurland kommune eit årleg tilskot på 35 000 kr i planperioden til drift av Aurland hjorteutval. Midlane vert utbetalt ved framsyning av godkjend rekneskap.

Vilkår:

- Valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde får fellingsløyva sine som frie løyve frå kommunen. Alle desse fellingsløyva kan nyttast uavhengig av år i planperioden.
- Valda som ikkje er medlem, får fellingsløyva spesifisert på kjønn og alder. Desse kan ikkje flyttast mellom år, eller mellom vald.
- Aurland kommune søker Miljødirektoratet om fri kvote på hjortekalv i 2024. For åra framover vil kommunen vurdera om dette berre skal gjelda valda som er medlem i bestandsplanområdet.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlovas §§ 8-12.

Røysting:

For framlegget røysta Per Are Flåm (Ap), Anja Hauståker (Ap), Per Olav Bøe (H), Sigurd Vikesland (Sp), Unni Underdal (MDG) og framlegget er dermed vedteke.

Vedtak i Plan- og eigedomsutvalet - 13.05.2024:

I medhald av Forskrift om forvaltning av hjortevilt §§ 15-16 godkjenner Aurland kommune omsøkt bestandsplan for Aurland bestandsplanområde for hjort i perioden 2024-2026, på vilkår. I medhald av Aurland kommune - Retningsliner for bruk av viltfondet løyver Aurland kommune eit årleg tilskot på 35 000 kr i planperioden til drift av Aurland hjorteutval. Midlane vert utbetalt ved framsyning av godkjend rekneskap.

Vilkår:

- Valda som er medlem i Aurland bestandsplanområde får fellingsløyva sine som frie løyve frå kommunen. Alle desse fellingsløyva kan nyttast uavhengig av år i planperioden.

- Valda som ikkje er medlem, får fellingsløyva spesifisert på kjønn og alder. Desse kan ikkje flyttast mellom år, eller mellom vald.
- Aurland kommune søker Miljødirektoratet om fri kvote på hjortekalv i 2024. For åra framover vil kommunen vurdere om dette berre skal gjelda valda som er medlem i bestandsplanområdet.

Saka er vurdert etter Naturmangfoldlovas §§ 8-12.

